



Årsmelding 2018

polyfon
kunnskapsklyngje for musikkterapi



Ansvarleg for rapporten: Brynjulf Stige

Ansvarleg for Vedlegg 1: Liv Gunnhild Qvale

Ansvarleg for Vedlegg 2a-2d: POLYFONs arbeidsgrupper

Ansvarleg for Vedlegg 3: POLYFONs brukarpanel

Foto på framsida

- Oppe til venstre: Tonje Alvsåg Tangen
- I midten til høgre: Rolf Sejersted
- Nede til venstre: Rune Rolvsjord

POLYFON kunnkapsklyngje for musikkterapi er koordinert av Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen.

Postadr. c/o Griegakademiet, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Besøksadr.: GAMUT, Nina Griegs gt. 4 , 5015 Bergen. E-post: polyfon@uib.no. Prosjektleiar: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

Forord

Kunnskapsklynga POLYFON har som mål å gjere musikkterapi – som brukarorientert og kunnskapsinformert praksis – tilgjengeleg for dei som ønskjer og treng det.

2018 var POLYFONS fjerde prosjektår. Også dette året vart klynga utvida med nye deltararar. I 2018 hadde vi gleda av å ønske velkomne Høgskulen på Vestlandet, Solli DPS og Voss DPS NKS Bjørkeli. Totalt har klynga no 17 deltararar, mot 7 då klynga starta i 2015. Somme av deltararane er med i partssamarbeid (grupper) innan klynga. Utvidinga styrkar klynga fagleg, og bidreg til at musikkterapi vert utvikla både som praksis og tverrfagleg forskingsfelt.

Vi arbeider med denne klynga av di vi meiner musikkterapi har noko å tilføre tenester og samfunn, og av di vi ser at samarbeid må til dersom vi skal nå målet om å gjere musikkterapi tilgjengeleg på ein likeverdig og rettferdig måte. I 2018 har vi igjen sett at det er eit stort engasjement å byggje på, både hjå brukarar, fagfolk, leiarar og politikarar. Vi opplever at vi er på veg.

Noko av det vi har fokusert spesielt på i 2018 er vidareutvikling av mål for samarbeidet og utvikling av indikatorar for samfunnseffekten. Implementering av desse indikatorane er venta i 2019.

Brukarmedverknad har alltid vore ein viktig verdi i POLYFON. I juni 2018 vart POLYFONS brukarpanel etablert, som eit uavhengig rådgivande organ. Bjarte Johansen vart vald til leiar og Einar Drageland til nestleiar for det nye panelet. Vi har tru på at dette organet vil vere med på å gje samarbeidet retning.

I løpet av året fekk klynga på ulike vis sett sørkjelys på musikkterapiens relevans for FACT-team (fleksible, ambulante team i arbeid med personar med alvorlege psykiske lidningar). Samarbeid mellom kommune og DPSar om musikkterapi i FACT-team er under oppbygging fleire stader.

POLYFON-konferansen vart arrangert for andre gong i 2018, denne gongen med temaet «Musikkterapi og samhandling». Konferansen samla brukarar, forskarar, studentar, praktikar og leiarar. Nestleiar i Helse- og omsorgskomiteen, Kjersti Toppe, opna konferansen med eit innlegg der ho la vekt på at musikkterapi representerer ei ressurs- og brukarorientert tilnærming som har framtida for seg.

I denne årsrapporten får du refleksjonar over samfunnseffekten av klyngesamarbeidet og ein oversikt over aktivitetane i 2018. God lesing!

Helsing

Brynjulf Stige

Geir Lien

Leiar POLYFON

Leiar styringsgruppa i POLYFON

Innhold

Forord	3
Innhold	4
1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi	6
2 Samfunnseffekt	7
3 Kort om POLYFON-året 2018	8
Januar: søkeradsskriveseminar og startmøte	8
Februar: Utvida samarbeid og ny litteraturgjennomgang om musikkterapi og palliasjon	8
Mars: Ny klyngeutviding og ope seminar om palliasjon	9
April: Musikkontaktkurs, stipendiat i LongSTEP og pilot om musikkterapi ved depresjon	9
Mai: Nettverk og festivalar	9
Juni: Brukarpanel, nasjonal jubileumskonferanse og fleire ulike seminar	10
August: Musikkterapeutteam i Fjell, premiere på Garage og presentasjon i Stockholm	11
September: Nytt søkeradsskriveseminar, nytt etterutdanningskurs og ny behandlingstekst	12
Oktober: Nytt forskingsinstitutt, nye seminar og ny stilling innan rusfeltet	12
November: Nye prosjekt, ny kunnskap, ny stilling, ny innstilling og ny POLYFON-konferanse	13
Desember: Nytt jubileum og nytt fagnettverk	14
4 Tenesteutvikling	16
Systematisk implementering	16
Tenesteforbetring	17
Prosjektbasert tenesteutvikling	18
Plan- og strategiarbeid	18
5 Forsking og innovasjon	19
POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar	19
Nye forskingsprosjekt som vart tildelt POLYFON såkornmidlar i 2018	19
Pågåande forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar	20
Andre prosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet	21
6 Utdanning	22
UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi	22
Etterutdanningstilbod	22
Utgreiing av mogelegeheter for spesialistutdanning for musikkterapeutar	22

7 Formidling	23
Deltaking i det offentlege ordskiftet	23
POLYFON og GAMUTs nettsider	23
POLYFON-nytt	23
POLYFONs Facebook-side og andre initiativ på sosiale media	23
Publikasjonar og konferansepresentasjoner	24
Ny video med støtte frå POLYFON	24
Arrangement	24
POLYFON-konferansen	25
8 Samhandling	26
Arenaer for samhandling	26
Kombinerte stillingar som reiskap for samhandling	26
Andre reiskap for samhandling	26
9 Retning for vidare arbeid	27
Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.18	28
Vedlegg 2: Årsrapportar frå arbeidsgruppene i POLYFON	29
Vedlegg 2a: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst	29
Vedlegg 2b: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Psykisk helse vaksne	31
Vedlegg 2c: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Rustenester vaksne	33
Vedlegg 2d: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Eldrehelse	36
Vedlegg 3: Årsrapport frå POLYFONs brukarpanel	39

1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert 1. januar 2015. Dei tre første åra fekk klynga økonomisk støtte frå GC Rieber Fondene, med gåveforsterking frå NFR. I dag er klynga sjølvfinansiert.

I løpet av 2018 vart målsetjingane for samarbeidet utdjupa og spesifiserte:

Hovudmål: Musikkterapi til alle som ønsker og treng det.

Delmål:

1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
- 3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
- 3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

Klyngedeltakrar ved utgangen av 2018 er:

- Bergen kommune
- Bergensklinikken
- Betanien/Solli/Voss DPS
- Fjell kommune
- Griegakademiet – Institutt for musikk, UiB
- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Haukeland universitetssjukehus/Helse Bergen
- Helseavdelinga i NORCE Norwegian Research Centre
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Partssamarbeid Sogn og Fjordane (Sogn og Fj. fylkeskommune, Helse Førde, Fakultet for helse- og sosialfag i HVL og Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane)
- RKBU Vest – Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (NORCE)
- Stendi AS (tidlegare Aleris Omsorg AS)

Det musikkterapeutiske praksisfeltet er vidt, frå arbeid med premature spedbarn til eldre menneske. Feltet omfattar også meir enn behandling i klinisk forstand: arbeid med læring, utvikling, oppfølging, omsorg, førebygging og folkehelse inngår også. POLYFON har så langt hatt fokus på fem delområde: 1) Barn og unges oppvekst, 2) Psykisk helse vaksne, 3) Rustenester vaksne, 4) Eldrehelse og 5) Palliativ behandling og omsorg.

POLYFONs fagråd (Scientific Advisory Committee) har ein tverrfagleg profil:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar for Nasjonal kompetanseneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidning (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia
- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Alle deltagarar/partssamarbeid er representerte i styringsgruppa, og leiinga av klyngesamarbeidet er:

- Prosjektleiar: Brynjulf Stige, UiB, tlf. 971 69 746
- Administrativ koordinator: Liv Gunnhild Qvale, UiB, tlf. 404 72 281
- Leiar i styringsgruppa: Geir Lien, Haukeland universitetssjukehus
- Nestleiar i styringsgr.: Eva K. Løvaas, Bergensklinikken 1. halvår, dernest Ingvild Eide Graff, NORCE

Klynga er forankra ved Griegakademiet, og GAMUT (UiB og NORCE) koordinerer samarbeidet.

2 Samfunnseffekt

Musikkterapi er etterspurd av brukarar og tilrådd i fleire nasjonale faglege retningslinjer, men det er enno ikkje systematikk i kor og korleis musikkterapi er etablert i tenestene. Skilnadene i brukarane sin tilgang til musikkterapitenester er enorme, både regionalt og nasjonalt. Dette ønskjer POLYFON å gjere noko med.

Målsetjingane for POLYFON (sjå del 1) reflekterer dette. I løpet av 2018 arbeidde styringsgruppa med å spisse desse målsetjingane og å utvikle indikatorar for samfunnseffekten av klyngesamarbeidet.

Vi har sjølv sagt allereie ein del informasjon om korleis feltet utviklar seg. Ein av grunnane til at vi likevel ønskjer å ta i bruk indikatorar frå og med 2019, er at den informasjonen som er tilgjengeleg, i stor grad dokumenterer aktivitet meir enn samfunnseffekt. Også nasjonalt er det få gode indikatorar tilgjengeleg per dags dato. I samband med ein interpellasjon om musikkterapi i Stortinget i mars 2019, vert dette illustrert av statsrådens beskriving av dagens implementeringstempo:

Vi har ingen statistikk som viser antall musikkterapeuter lokalt eller nasjonalt i Norge, men Norsk pasientregisters oversikt over registrerte tiltak kan gi en pekepinn på utviklingen. Fra 2016 til 2017 økte antall registreringer for bruk av musikkterapi fra 2 300 til 2 700, og antall pasienter som får musikkterapi, økte fra 498 til 536 (Statsråd Bent Høie, i Sak nr. 11 i møte i Stortinget, 12. mars 2019).

Er dette tal som forventa, eller reflekterer desse tala manglande registrering og/eller ei svak utvikling? Det er altså både ei regional og ei nasjonal utfordring å utvikle betre indikatorar for endringar i musikkterapi-feltet, og også betre reiskapar til å reflektere over dei endringane som skjer.

Styringsgruppas arbeid med dette i 2018 har tatt utgangspunkt i dei konkrete måla som er definerte for samarbeidet, og aktuelle indikatorar vil t.d. kunne omfatte tal brukarar som får tilbod om musikkterapi, tal musikkterapistillingar hjå deltakarane i kunnskapsklynga, tal faglege og/eller strategiske planar der musikkterapi er inkludert, tal konsultasjonar der prosedyrekode IBIBBE00 Musikkterapi er brukt, tal studiar som vert publiserte, utvikling av utdanningskapasitet, osb. Endleg liste over indikatorar og modell for implementering av desse vil verte utvikla i 2019.

At vi i 2018 har vore midt inne i ein prosess med å utvikle reiskapar for dokumentasjon av og refleksjon over samfunnseffekten av klyngesamarbeidet, inneber *ikkje* at vi i utgangspunktet stod på bar bakke når det gjeld evne til å beskrive dette. Denne årsmeldinga inneheld kapitlar som beskriv endringar og framsteg hjå klyngedeltakarane når det gjeld tenesteutvikling, forsking, utdanning, formidling og samhandling.

Tar vi eit njonalt perspektiv på utviklinga av feltet, ser vi også at der er nye initiativ og utviklingstendensar som truleg vil styrke implementeringa av musikkterapi, og som i større eller mindre grad er informerte og inspirerte av samarbeidet og resultata i POLYFON. To eksempel frå 2018:

- I slutten av september kunne Betanien sykehus leggje ut på nettsida si ein heilt ny nasjonal behandlingstekst for musikkterapi innan psykisk helsevern og TSB, utarbeidd i samarbeid med POLYFON. Ein slik nasjonal behandlingstekst har mangla tidlegare, men kan no nyttast av alle helseføretak som tar i bruk musikkterapi.
- I debattane om musikkterapi i Stortinget dei siste åra, har det vore regelmessige referansar til POLYFON-samarbeidet, som eit døme på at implementering av musikkterapi er mogeleg, dersom det aktivt vert arbeidd med. I 2018 kom Helse- og omsorgskomiteen med eit nytt signal om at implementering av musikkterapi nasjonalt går for seint. 13. november kom komiteen med innstillinga si til Meld. St. 15 (2017 –2018) «Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre». Komiteen peikar på at stillingar knytt til aktivitet ofte forsvinn eller vert kutta for å prioritere pleie- og omsorgstilbodet: «Det samme gjelder stillinger som musikkterapeuter, som det er veldig stort behov for. Heller ikke her blir stillinger opprettet i tråd med det store behovet» (s. 13).

POLYFONs ambisjon får vere at vi frå og med 2019 har fleire reiskapar til å reflektere over forholdet mellom behov og endringar i feltet.

3 Kort om POLYFON-året 2018

Januar: søknadsskriveseminar og startmøte

25. januar vart POLYFONs første søknadsskriveseminar arrangert, der seks musikkterapeutar, ein prosjekt- og metodeutviklar og ein brukarrepresentant/medforskar deltok med stort engasjement. Det vart først informert om POLYFONs prosjektmidlar, deretter var det gruppearbeid med utgangspunkt i ulike prosjektidear. Dette munna så ut i samtalar om forholdet mellom praksis og forsking, om brukarmedverknad, behovet for avgrensing, samarbeid og mykje meir.



Fem av dei som var med på POLYFONs søknadsskriveseminar i januar. Frå venstre: Trond Dahle (Bergen kommune), Gunn Karoline Fugle (Helse Førde), Jorunn Bakke Nydal (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Guri Dypvik (Fjell kommune) og Solgunn Knardal (NKS Olavikens alderspsykiatriske sykehus). Foto: Liv Gunnhild Qvale.

29. januar var det eit startmøte i Førde for POLYFON-samarbeidet i Sogn og Fjordane, der representantar for Førde kommune, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok. Dei fire partane vil organisere seg med ei regional samordningsgruppe der leiarar er representerte. I tillegg vil dei ha ei operativ gruppe på fagnivå og ein fagleg plan for samarbeidet.

Februar: Utvida samarbeid og ny litteraturgjennomgang om musikkterapi og palliasjon

I februar vart det klart at Høgskulen på Vestlandet (HVL) vert med i POLYFON-samarbeidet. HVL er blant dei største høgskulane i landet, med fagleg aktivitet fordelt på campusar i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. Høgskulen har sterke fagmiljø innan ei rekke område som er relevante for det faglege samarbeidet i POLYFON, m.a. helse- og sosialfag, omsorgsteknologi, samfunnsarbeid, spesialpedagogikk og lærar- og musikkutdanning. HVL si deltaking i klynga vil styrke potensialet i dei tverrfaglege samarbeidsrelasjonane musikkterapifaget inngår i.

Ei gruppe forskrarar frå GAMUT og Haraldsplass Diakonale Sykehus publiserte i februar ein integrativ litteraturgjennomgang av eksisterande forsking på musikkterapi og palliativ omsorg. Forskarane ser både på brukerfaringar og på tenesteytarerfaringar, og dette er den første integrative litteraturgjennomgangen på feltet. Undersøkinga viser at medan dei kvantitative studiane av musikkterapi i palliativ omsorg i stor grad fokuserer på smertereduksjon, fokuserer dei kvalitative studiane av brukerfaringar i større grad på kjensler og relasjonelle prosessar som tap, avskjed og takksemd. Forskarane bak artikkelen er Wolfgang Schmid, Jan Henrik Rosland, Sebastian von Hofacker, Irene Hunskår og Frøydis Bruvik. Studien er delfinansiert av POLYFON.

Mars: Ny klyngeutviding og ope seminar om palliasjon

I mars vart det klart at Solli DPS og Voss DPS NKS Bjørkeli melder seg inn i POLYFON frå 1. juni, gjennom eit gruppесamarbeid med Betanien sykehus. Med dette er nesten alle aktørane innan helse og omsorg i Bergensregion med i POLYFON.

Palliasjon er eitt av satsingsområda for musikkterapibildeot ved Barne- og ungdomsklinikken på Haukeland universitetssjukehus. I samband med at det palliative teamet ved Haukeland feira 10-års-jubileum, vart det den 22. mars organisert eit ope seminar om palliasjon, der innlegg om musikkterapi var med i programmet.



*Musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall ved Barne- og ungdomsklinikken og sjukepleiar Marianne Bentzen ved Seksjon for smertebehandling og palliasjon ved Haukeland universitetssjukehus.
Foto: Haukeland universitetssjukehus, Barne- og ungdomsklinikken.*

April: Musikkontaktkurs, stipendiat i LongSTEP og pilot om musikkterapi ved depresjon

Etter tilbod om musikkterapi i klinikane, er god oppfølging ofte avgjerande, og i april arrangerte Bergensklinikken og MOT82 (Bjørgvin DPS og Bergen kommune) nytt kurs for musikkontaktar.

Koordinatorar for kurset var Kristelle M. M. Johnsen og Steinar Hjelmbrekke ved Bergensklinikken. For å arbeide som musikkontakt, må ein bli godkjend støttekontakt i Bergen kommune.

I april kunne NORCE ønske musikkterapeut Tora Söderström Gaden velkommen som stipendiat i det NFR-finansierte prosjektet LongSTEP (Longitudinal study of music therapy's effectiveness for premature infants and their caregivers), eit prosjekt som byggjer på samarbeid med Haukeland universitetssjukehus og ei rekke fagmiljø i inn- og utland. Claire Mathern Ghetti vert Tora sin hovudrettleiar, medan Christian Gold vert medrettleiar. Tora har musikkterapiutdanninga si frå Norges musikkhøgskole og har sidan 2016 arbeidd som musikkterapeut på Barne- og ungdomsklinikken ved Akershus universitetssykehus.

I april vart det elles klart at Allmennmedisinsk forskningsenhet Bergen og GAMUT til saman får 1 million kroner i støtte frå NORCE, til ein pilot som har som mål å utvikle infrastruktur for eit regionalt forskingsnettverk i ålmennmedisin på Vestlandet og utkast til ein NFR-søknad til ein RCT om musikkterapi og depresjon, med rekruttering av pasientar via dette forskingsnettverket. Studien byggjer samarbeid mellom dei allmennmedisinske og musikkterapeutiske forskingsmiljøa i Bergen, og involverer Knut-Arne Wensaas, Nina Therese Lunde og Tone Smith-Sivertsen frå AFE, og Christian Gold, Monika Geretsegger og Brynjulf Stige frå GAMUT.

Mai: Nettverk og festivalar

2. mai var det nasjonale nettverket for musikk og eldrehelse samla i Bergen, til sitt aller første møte. Kva er kunnskapsstatus? Kva skal til for å integrere musikkterapi i tenestene? Korleis kan vi best formidle kunnskip om og erfaringar med musikkterapi? Og kva verdiar og visjonar kan samle og utfordre på tvers av profesjonar og tradisjonar? Det var god flyt i diskusjonane.



Tre av dei fagpersonane som var med på det første møtet i det nye nasjonale nettverket for musikk og eldrehelse. Fra venstre: Tone S. Kvamme (Norges musikkhøgskole), Solfrid Rosenvold Lyngroth (Oslo kommune) og Minna Hynninen (NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus). Foto: Brynjulf Stige.

25.-27. mai arrangerte Sogn og Fjordane fylkeskommune og Norsk forbund for utviklingshemma Kulturfestivalen for utviklingshemma deltakarar over 16 år. Festivalen vart etablert samtidig med og i samarbeid med musikkterapistudiet på Sandane, så det var 30-årsjubileum for festivalen.

31. mai arrangerte Bergen kommune, Kompetansesenter for demens, musikkfestivalen «D'é Festival» for bebruarar ved alle sjukeheimane i Fyllingsdalen.

Juni: Brukarpanel, nasjonal jubileumskonferanse og fleire ulike seminar

4. juni vart POLYFONs brukarpanel etablert, som eit uavhengig rådgjevande organ. Bjarte Johansen (MOT82) vart vald til leiar og Einar Drageland (Eldrerådet i Bergen) til nestleiar for det nye brukarpanelet. Brukarmedverknad er ein viktig verdi i musikkterapien, og i samband med etableringa av brukarpanelet, arrangerte POLYFON også eit eige seminar der temaet vart belyst frå ulike kantar: Kva er mogelegheitene og utfordringane? Dette vart eit innhaldsrikt seminar, med innlegg av Bjarte Johansen og Lasse Tuastad (MOT82), Halvor N. Berg og Therese Dahl (Bergensklinikken), Karen Christensen (Det samfunnsvitskaplege fakultet) og Rune Samdal (pårørande i eldreomsorga). Framførингa til Marte Halås og ei gruppe ungdommar frå Kom Nærmore / Åpen møteplass gav ein ekstra dimensjon til seminaret.

7.-9. juni var det så duka for jubileumskonferanse i norsk musikkterapi, lagt til Fana folkehøgskule. Norsk foreining for musikkterapi stod som arrangør, og konferansen markerte 40-årsjubileet for musikkterapi-studiet i Oslo og 30-årsjubileet for det studiet som i dag er i Bergen. Fleire av presentasjonane sprang ut av POLYFON-relaterte prosjekt, m.a. føredraget «Medforskning og utforsking». Musikkterapeut Lars Tuastad, medforskar Bjarte Johansen og musikkterapistudent Astrid Linnea Østerholt delte erfaringar med og resultat frå ei evaluering av prosjektet «Utan terapeut – MOT82 UT i lokalsamfunnet», finansiert av Extrastiftelsen og POLYFON.



Jubileumskonferansen i Fana gav rom for refleksjon og diskusjon. POLYFONS leiar Brynjulf Stige brukte dette bildet frå 2008 som utgangspunkt for refleksjon over historia og framtida til faget. Bildet viser den internasjonale pioneren Clive Robbins omkransa av fire av Bergensmusikkterapiens pionerar, nemleg frå venstre Hedda Riise, Ida-Margrethe Gjul, Anne Sofi Grieg Moe og Else Vedeler. Til høgre tre av fagpersonane i det som den gongen var eit heilt nytt universitetsmiljø: Brynjulf Stige, Randi Rolvsjord og Cochavit Elefant. Foto: På Høyden.

11.-12. juni var det startseminar for den NFR-finansierte RCT-studien LongSTEP: Longitudinal study of music therapy's effectiveness for premature infants and their caregivers. Prosjektet er internasjonalt orientert, samtidig som det har solid forankring i praksisfeltet. Frå GAMUT vert m.a. Christian Gold, Claire Ghetti, Łucja Bieleninik og Tora Söderström Gaden involverte. GAMUT samarbeider tett med RKBU Vest om prosjektet, i tillegg til ei rekke samarbeidspartar i Noreg, Israel, Storbritannia, Colombia og Argentina.

15. juni arrangerte POLYFON eit seminar og idéutviklingsmøte om musikkterapi i FACT-team. Hans Petter Solli, musikkterapeut ved Lovisenberg Diakonale Sykehus og postdoktor ved Norges musikkhøgskole, la fram forskingsprosjektet sitt om musikkterapi i FACT-team. Deretter var det idémyldring om prosjekt- og samarbeidsmoglegheiter. Brukarar så vel som musikkterapeutar, forskrarar og leiarar i helsesektoren var med i diskusjonane. Mange gode idear vart genererte, både for regionale og nasjonale initiativ.

August: Musikkterapeutteam i Fjell, premiere på Garage og presentasjon i Stockholm

Fjell kommune (med ca. 25 000 innbyggjarar) er i ferd med å byggje opp ei tydeleg satsing på musikkterapi og eldrehelse, og i august var eit team med tre kommunale musikkterapeutar i eldreomsorga på plass. Guri Gjermstad Dypvik har med dette fått både Camilla Hay og Sandra Sognnes Thorstensen som nye kollegaer. Teamet skal vere knytt til ulike institusjonar i kommunen, samstundes som det vert gitt rom for å tenkje heilskapleg og på tvers, m.a. ved at musikkterapeutane også arbeider på systemnivå, t.d. som med-ansvarlege for koordinering av frivillige medarbeidarar.

Soul Party, tidlegare musikkterapiband frå Bjørgvin DPS, kom saman igjen våren 2018 for å lage musikkvideo. 27. august hadde videoen «So Distant We Touch» premiere på Garage, og videoen vart også brukt i kampanjen til Verdsdagen for psykisk helse seinare på hausten. Soul Party består av tidlegare musikkterapipasientar Francis McAuley og Preben Samuelsen og musikkterapeut Øystein Lydvo. Då musikkterapien vart avslutta i fjor, vart Soul Party oppløyst og McAuley og Samuelsen gjekk vidare som sjølvstendige musikarar med indiebandet Starlit Vibes. Under filmpremieren på Garage i august, spelte Soul Party og Starlit Vibes difor ein todelt konsert. «So Distant We Touch» handlar om einsemd og det å føle seg åleine saman med andre. Med musikkvideoen ønskjer Soul Party å bidra til å redusere stigma rundt psykisk sjukdom og å setje fokus på musikkterapi som ressurs- og relasjonsorientert behandling. Eit «soul party» er ei gruppe menneske som opplever glede og fellesskap gjennom positiv samhandling. «Alle fortener sitt eige soul party», meiner bandet.



Den nordiske musikkterapi-konferansen 2018 vart arrangert i Stockholm i første halvdel av august, og fleire POLYFON-relaterte prosjekt vart presenterte der. Her: Musikkterapeut Øystein Lydvo (Bjørgvin DPS) i ein presentasjon av bandet Soul Party sin prosess. Foto: Lars Tuastad.

September: Nytt søkeradsskriveseminar, nytt etterutdanningskurs og ny behandlingstekst

11. september var det ny runde med POLYFONs søkeradsskriveseminar, med nye deltakarar og nye problemstillingar.

Med utgangspunkt i GAMUT sitt samarbeid med forskarar ved Allmennmedisinsk forskingsenhet Bergen og Universitetet i Jyväskylä, arrangerte GAMUT i samarbeid med POLYFON eit etterutdanningsseminar 25. september, om musikkterapi og depresjon. Forskarane Olivier Brabant, Jaakko Erkkilä, og Suvi Saarikallio frå Universitetet i Jyväskylä var forelesarar, og både studentar, praktikarar og forskarar frå regionen deltok på seminaret.

I september vart dessutan ein ny nasjonal behandlingstekst for musikkterapi publisert, med brukarvenleg og lett tilgjengeleg informasjon om kva musikkterapi er og korleis behandlingstilbodet fungerer. Ein slik tekst har mangla for musikkterapi, men no er dette altså på plass. Brede Aasen, dåverande senterleiar ved Betanien DPS, var initiativtakar, og sjukehuset har utarbeidd teksten i samarbeid med POLYFON. Den nasjonale behandlingsteksten er utforma for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, og kan takast i bruk av alle helseføretak som tilbyr musikkterapi.

Oktober: Nytt forskingsinstitutt, nye seminar og ny stilling innan rusfeltet

1. oktober vart Uni Research og fire andre forskingsinstitutt samla i NORCE Norwegian Research Centre, eit selskap som skal bidra med forsking og innovasjon innan energi, helse, klima, miljø, samfunn og teknologi. Ingvild Eide Graff, nestleiar i POLYFONs styringsgruppe, er tilsett som konserndirektør for helse. På spørsmål om kva det vil bety for musikkterapifeltet at GAMUT no er ein del av eit stort, fusjonert forskingssselskap, svarar Ingvild: - NORCE er opptatt av samarbeidet med universiteta og av verdien i dei klyngene som finst i og omkring selskapet. Både GAMUT og POLYFON kan dra nytte av eit større geografisk nedslagsfelt, og av samarbeid med forskarar i andre regionar.

16. og 17. oktober gjennomførte Hanne Mette Ridder rettleiing og undervisning for POLYFONs musikkterapeutar innan eldrehelseområdet, etter eit initiativ frå det nye musikkterapiteamet i Fjell kommune.

31. oktober vart konferansen *Musikk som isbryter i skolen?* arrangert. Hyssingen produksjonsskole inviterte til ein open konferanse der musikk som verktøy i førebyggjande arbeid med fokus på inkludering, relasjonell helse og medverknad i skulen var hovudtema. Konferansen var ein del av gjennomføringa av Erasmus+-prosjektet STALWARTS, der Viggo Krüger er den drivande krafta i Bergen.

I løpet av oktober kom elles musikkterapeut Kristelle Marie Mendoza Johnsen på plass i den nye fulle stillinga ved Avdeling for rusmedisin ved Haukeland universitetssjukehus.



Musikkterapeuten ved Avdeling for rusmedisin har hovudbase i Poliklinikken i Bergen sentrum og har også faste dagar i Bjørgvin fengsel. Foto: Avdeling for rusmedisin.

November: Nye prosjekt, ny kunnskap, ny stilling, ny innstilling og ny POLYFON-konferanse

4 praksisnære forskingsprosjekt fekk tildelt POLYFON såkornmidlar i starten av november, til saman kr. 375.000 vart delte ut.

I november la GAMUT ut ei ny kunnskapsbeskriving på nettsida si, om musikkterapi og eldrehelse. Musikkterapeut Camilla Hay (i dag Fjell kommune) har utarbeidd basisteksten, i eit tidlegare POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar. Forskarar ved GAMUT har sidan utvikla teksten vidare.

Musikkterapifestivalen 1-2-3, som Bjørgvin DPS står bak, vart som tidlegare år gjennomført 1., 2. og 3. november. I år kom TV Vest og laga ein reportasje om festivalen.

Helse Førde vart med i POLYFON-samarbeidet i 2017, og i november fekk Nordfjord psykiatrisenter ein musikkterapeut på plass igjen, etter nokre års pause. Seksjonsleiar May Kristin Sæther har følgjande kommentar: «Musikkterapi har vært spurt etter de tre åra vi har vært uten musikkterapeut på Nordfjord psykiatrisenter. Det er derfor en stor glede å endelig kunne tilby pasientene dette tilbuddet igjen. Vi har opplevd dette som et nytig behandlingstilbud tidligere».



Etter noko års pause, er det på nytt etablert ei musikkterapistilling ved Nordfjord psykiatrisenter. Frå venstre musikkterapeut Liv-Jorun Bergset og seksjonsleiar May Kristin Sæther. Foto: Nordfjord psykiatrisenter.

Sjølv om stillinga på Nordjordeid eksemplifiserer at ei endring er på gong, ikkje minst innan psykisk helsevern, er Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget opptatt av at implementering av musikkterapi går for seint, kanskje særleg innan eldreomsorga. 13. november kom komiteen med innstillinga si til Meld. St. 15 (2017–2018) «Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre». Komiteen peikar på at stillinger knytt til aktivitet ofte forsvinn eller vert kutta for å prioritere pleie- og omsorgstilbodet: «Det samme gjelder stillinger som musikkterapeuter, som det er veldig stort behov for. Heller ikke her blir stillinger opprettet i tråd med det store behovet» (s. 13).

POLYFON-konferansen 2018 gjekk av stabelen 22. november, og hadde temaet «Musikkterapi og samhandling». Programmet var sterkt og variert, med føredrag og presentasjoner, musikkinnslag, samtalar, workshop og poster-konkurranse. Konferansen samla brukarar, studentar, praktikarar, forskarar og leiarar, til saman over 150 deltakarar i Studentsenteret ved UiB. Innimellan plenumsbidraga, var det ei økt med fire parallelle spor med føredrag og workshops. Nestleiar i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget opna konferansen med ei tydeleg og velinformert opningshelsing, der ho la vekt på at musikkterapi representerer ei ressursorientert tilnærming til helsearbeid. Dette har framtida for seg, og politikarane må no ta opp hanske, meinte Toppe.

Desember: Nytt jubileum og nytt fagnettverk

Tidleg i desember vart det kjend at Griegakademiet, Fakultet for kunst, musikk og design, får kr. 200 000 i støtte frå UiB til utgreiing av mogelegheiter for spesialistutdanning i musikkterapi, og til utvikling av to etterutdanningsmodular. Dette er svært relevant for klyngesamarbeidet. POLYFONs styringsgruppe har fleire gongar peika på at den framgangen musikkterapi har på ulike tenesteområde skaper eit stort behov for gode ordningar for utvikling og vedlikehald av musikkterapeutisk profesjonskompetanse.

5. desember vart Kom Nærmore sitt 15-årsjubileum markert med ei flott festførestilling i Fana kulturhus. Kulturlaget spring ut av Aleris si satsing på musikkterapi, og legg til rette for kulturaktivitetar for ungdom som er eller har vore i kontakt med barnevernet. Kom nærmere har betydd mykje for mange unge, og også for praksis- og kunnskapsutviklinga innan musikkterapien i Noreg. Under jubileumsførestillinga batt Tatiana Palanca (Miss Tati) musikk- og danseinnslaga saman med naturleg autoritet og varme, og ungdommane leverte! Primus motor for Kom Nærmore sidan starten, Viggo Krüger, fekk takketalar og blomar som fortent. At han kunne sitje blant publikum og nyte kvelden, viser vegen vidare på ein fin måte. Nye krefter byggjer på det arbeidet som er lagt ned. Ein dimensjon som var med på å gjøre jubileumsførestillinga variert og spennande, var elles fleire gjesteinnslag, m.a. av SMISO Hordaland, MIL – Møhlenpris Idrettslag og Kom Nærmore Oslo.



Elisabeth
Torstuen, Marte
Sortland Halås og
dyktige musikkterapi-
studentar sto for
kveldens «musikalske
stillas» av komp, kor og
kroppskommunikasjon
under Kom Nærmore si
jubileumsførestilling
tidleg i desember. Foto:
Rolf Sejersted.

11. desember vart eit nytt fagnettverk for musikkterapi i barn og unges oppvekst etablert i Bergen. Initiativtakar er musikkterapeut og doktorgradskandidat Maren Metell, som fortel: «Musikkterapi med barn har en lang tradisjon i Norge, men framstår i dag som fragmentert og lite representert i forskning og media. Fagnettverket skal skape rom for fagutvikling og erfaringsutveksling. ... Fagnettverket skal bidra til å samle fagfeltet, utveksle erfaringer og styrke faglig identitet, diskutere og oppdatere argumentasjon og kunn- skapsgrunnlag for musikkterapi med barn, samarbeide om ideer for fagutviklings- og forskningsprosjekter og skape dialog mellom praksisfeltet og deltakere i POLYFON».



Deltakarane på det første møtet i det nye fagnettverket for musikkterapi i barn og unges oppvekst. Frå venstre: Karin Mössler (NORCE/Bergen kommune), Therese Risnes, Astrid Linnea Østerholt og Kristine Maryam Riise (musikkterapistudentar ved Griegakademiet), Maren Metell (UiB/Nordoff Robbins London), Helene Haugen Dahl og Øystein Eriksen (Bergen kommune), Merethe Wold Lindvall (Haukeland universitetssjukehus), Kjersti Johansson (Griegakademiet/Norges musikhøgskole) og Claire Ghetti (Griegakademiet). Foto: Brynjulf Stige.

4 Tenesteutvikling

Innan alle dei fem arbeidsfelta i POLYFON, er det eit godt stykke igjen før musikkterapi er tilgjengeleg for brukarane på ein rettferdig fordelt måte, i tråd med kunnskapsgrunnlag, nasjonale føringar og brukarpreferansar. Vi ser i teksten nedanfor at der er kome til 5-6 nye musikkterapistillingar i klynga i løpet av 2018: 2 i eldreomsorga (Fjell kommune), 1 innan rusbehandling (Haukeland universitetssjukehus) og 2-3 innan psykisk helsevern (auke i stillingsressurs ved Betanien DPS, Solli DPS og Voss DPS og ny 60 % stilling ved Nordfjord psykiatrisenter). Om dette er ei god (nok) utvikling eller ikkje, kan sikkert diskuterast. Som vi peika på i kapittel 2, vil vi ha behov for data frå ulike indikatorar – regionalt og nasjonalt og over fleire år – før vi har grunnlag for å vurdere forholdet mellom behov og endringar i feltet.

Kva som er rimelege forventningar på dei ulike arbeidsfelta, må også differensierast. På nokre område er det naturleg med systematisk implementering med utgangspunkt i nasjonale retningslinjer, medan musikkterapi på andre felt framleis er i ein meir eksplorativ fase. I det følgjande skisserer vi arbeid med tenesteutvikling i POLYFON i 2018, der vi skil mellom systematisk implementering, tenesteforbeting, prosjektbasert tenesteutvikling og planarbeid.

Systematisk implementering

Divisjon psykisk helsevern ved Haukeland universitetssjukehus vedtok i 2017 ein strategi for helsefremmende arbeid, der det vart presisert at alle klinikkar skal ha musikkterapeut. Dette var det første helseføretaket i Noreg som gjekk inn for systematisk implementering av musikkterapi, og allereie i løpet av året 2017 var musikkterapi etablert ved alle seks DPSar i Helse Bergens opptaksområde. I løpet av 2018 har utviklinga halde fram, der fleire av dei klinikkane som i 2017 berre hadde etablert deltidstillingar, utvida dette til 100 % stilling eller meir.

Det nærmaste ein elles kjem systematisk implementering i kunnskapsklynga i 2018, er Fjell kommune si satsing på musikkterapi og eldrehelse. Kommunen, som har ca. 25 000 innbyggjarar, utvida musikkterapi-tenesta på dette feltet i løpet av 2018, frå 1 stilling til eit team på 3 stillingar. Sjølv om teamet sjølvsagt framleis ikkje kan dekkje alle behov, gjev dette eit heilt nytt grunnlag for systematisk utvikling.



Det nye teamet for musikkterapi og eldrehelse i Fjell kommune består av frå venstre Camilla Hay, Guri Gjermstad Dypvik og Sandra Thorstensen. Teamet arbeider m.a. med rehabilitering, demensproblematikk og palliasjon, og dessutan med oppgåver på systemnivå, t.d. med brukarorientert koordinering av frivillige og av tilbod frå Den kulturelle spaserstokken. Foto: Tonje Alsvåg Tangen.

Tenesteforbetring

Ulike former for tenesteforbetring skjer kontinuerleg hjå dei fleste deltagarane i kunnskapsklynga, t.d. med utprøving av nye roller (t.d. behandlingsansvar eller rådgjeving og koordinering) og vidareutvikling av spesifikke oppgåver, som kartlegging, prioritering, evaluering og oppfølging. Fleire stader vert også musikkterapiens potensial når det gjeld samarbeid og rådgjeving prøvd ut. Her skal vi berre ta med nokre døme på tenesteforbetring, med vekt på felt der det har skjedd ein del nytt i 2018.

Samarbeidet mellom Bergen kommune og Stendi AS (tidlegare Aleris) om førebyggjande og helsefremmende arbeid med ungdom held fram, og kommunens vilje og evne til å satse på dette har vorte tydelegare i løpet av 2018. Kommunene har t.d. etablert ei eiga [nettside](#) med informasjon om møteplassar for ungdom i alderen 13-20 år. Det er då snakk om lågterskeltilbod med fokus på godt sosialt miljø og kreative aktivitetar, under leiing av musikkterapeutar og studentar frå Griegakademiet. Denne aktiviteten vart i 2018 som i 2017 styrkt av Erasmus-prosjektet «STALWARTS – Sustaining Teachers and Learners with the Arts», som fokuserer på relasjonell helse i skulen. GAMUT er partner og Hyssingen produksjonsskole er ein av samarbeidsskulane i prosjektet.

NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus har i 2018 arbeidd med å utvikle ein app for musikkterapioppfølging av pasientar etter utskriving frå klinikken. Sjukehuset arbeider også systematisk med å utvikle musikkterapitilboden ved Huntington-avdelinga, og har m.a. fått støtte frå POLYFON til å gjennomføre eit pilotprosjekt med bruk av Sound Beam i arbeid med utfordringar knytt til kommunikasjon og samhandling.

Haukeland universitetssjukehus og Bergen kommune har vidareført samarbeidet om utvikling av MOT82, eit musikkoppfølgingstilbod i Åsane bydel. I løpet av 2018 vart det klart at kommunen er villig til å ta over ansvaret for dette tilboden i 2019.

I løpet av 2018 sette kunnskapsklynga søkjelys på musikkterapiens relevans for FACT-team (fleksible, ambulante team i arbeid med personar med alvorlege psykiske lidningar), m.a. med eit eige seminar om dette i juni. Samarbeid mellom kommune og DPSar om musikkterapi i FACT-team er under oppbygging fleire stader.



Tre av deltagarane på POLYFON-seminaret i juni om musikkterapi i FACT-team. Frå venstre: Hans Petter Solli (Løvisenberg Diakonale Sykehus / Norges musikkhøgskole), Morten Sommarbakk (Gatens Evangelium) og Lars Tuastad (Bjørgvin DPS / Griegakademiet). Foto: Liv Gunnhild Qvale.

Prosjektbasert tenesteutvikling

Gjennom Rådet for psykisk helse fekk Lars Tuastad i 2017 ei tildeling på kr. 750 000 frå ExtraStiftelsen, til prosjektet «Utan Terapeut – Mot82 UT i lokalsamfunnet». Tilsvarande beløp vart tildelt for 2018, og det er i løpet av året m.a. gjennomført ei grundig brukarevaluering (med «brukar-spør-brukar-metodikk»).

Prosjektet er etablert som eit samarbeid mellom Bjørgvin DPS og Bergen kommune.

Elles har det i 2018 vore ein del tenesteutvikling knytt til GAMUTs forskingsprosjekt, m.a. i LongSTEP, der det har vore gjennomført ei forundersøking (feasibility study), der forskarane har undersøkt korleis protokollen basert på internasjonal litteratur fungerer i ein norsk sjukehuskontekst, både med tanke på gjennomføring og med tanke på å kome behova til for tidleg fødde spedbarn og deira familiar i møte. Eit anna døme er depresjonsprosjektet som GAMUT og Allmennmedisinsk forskningsenhet (AFE Bergen) samarbeider om, der det i 2018 har vore gjennomført ein pilot der ein har prøvd ut intervensjonens relevans i norsk kontekst og dessutan prosedyrar for tilvising frå fastlegar.

Maren Metell har i 2018 vidaretutvikla sine prosjekt for familiar med born med funksjonshemminger, i samarbeid med Bergen kommune. ExtraStiftelsen og POLYFON har vore inne i finansieringa.

Plan- og strategiarbeid

Sjølv om det er langt igjen før det er systematikk i dette, er det ei positiv utvikling på gong i Bergen kommune når det gjeld integrasjon av musikkterapi i kommunale plan- og strategidokument. I årsmeldinga for 2017, nemnde vi at «Prosjektgruppen Barne- og familiehjelpen» i Bergen kommune mot slutten av det året leverte ein rapport som foreslår å etablere eit barne- og familiehus i fire byområde, med ei musikkterapistilling per barne- og familiehus. Denne type planar kan legge grunnlag for framtidig tenesteutvikling.

Den viktigaste utviklinga i 2018 i så måte, var at Etat for sosiale tjenester inviterte POLYFON til innspelsseminaret for Bergen kommunes arbeid med ny handlingsplan for arbeid og aktivitet for personar med rusproblem. Det er første gong POLYFON er inkludert så tidleg og tydeleg i ein kommunale planprosess. Denne planen er venta ferdigstilt og lagt fram til politisk handsaming i 2019.

5 Forsking og innovasjon

Forsking og innovasjon skjer hjå alle deltakarane i kunnskapsklynga, og det er ei målsetjing å stimulere til auka aktivitet, kvalitet og praksisrelevans. Samhandling og samarbeid mellom aktørane i klynga er eitt av verkemidla for å realisere dette.

Her følgjer eit oversyn over små og store prosjekt som har fått såkornmidlar frå POLYFON i 2018, eller som på andre måtar er knytt til POLYFON-samarbeidet (alle prosjekt sortert alfabetisk etter prosjekttittel):

POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar

Det kom ingen søknader om sommarstipend i 2018.

Nye forskingsprosjekt som vart tildelt POLYFON såkornmidlar i 2018

- Førsteamanuensis/musikkterapeut Lars Tuastad (Griegakademiet/Bjørgvin DPS) og medforskar Bjarte Johansen (MOT82) får kr. 75.000 til prosjektet «Fra stigmatisering til involvering? – et forskningsprosjekt om stigma i musikkterapifeltene psykisk helse og rus».
- Universitetslektor/musikkterapeut Maren Metell (Griegakademiet) – i samarbeid med Nina Bolstad og Maria Elisabeth Norheim i Etat for barn og familie i Bergen kommune – får kr. 100.000 til prosjektet «Musikkafé: et samfunnsmusikkterapitilbud for sped- og småbarnsfamilier».
- Psykolog Kristine Gustavsen Madsø (NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus UiB) får kr. 100.000 til prosjektet «Musikkterapi for hjemmeboende personer med demens sammen med en pårørende».
- Prosjekt- og metodeutviklar Therese Dahl (Bergensklinikken) får kr. 100.000 til prosjektet «Musikkterapi, rusmiddelavhengighet og ADHD. En kvalitativ undersøkelse om erfaringen med, og opplevelsen av musikkterapi som en faktor i sosial recovery for personer med rusdiagnose og ADHD».



Musikkterapeutar, andre fagpersonar og medforskarar hjå deltakarane i klynga har høve til å søkje på POLYFONs utlysingar av såkornmidlar, som kjem to gonger i året. Kunnskapsklynga arrangerer søknads-skrideseminar som støtte til dei som ønskjer å bruke ordninga. Foto: Liv Gunnhild Qvale.

Pågåande forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar

- Therese Dahl, Bergensklinikken avdeling Hjellestad: «En kvalitativ studie av betydningen av musikkterapi i sosial recovery for personer med rusmiddelproblemer og ADHD».
- Claire Ghetti, Griegakademiet: forprosjekt som undersøkjer om protokollen for LongSTEP (Longitudinal study of music therapy's effectiveness for premature infants and their caregivers) er eigna for å imøtekome behova til for tidleg fødde spedbarn og deira familiar i ein norsk kontekst. Prosjektet vil førebu ein påfølgjande multinasjonal RCT-studie.
- Viggo Krüger, Aleris Omsorg Norge og Griegakademiet og Thomas Høiseth ved Aleris Omsorg Norge: skriving av ein vitskapleg artikkel i eit komande temanummer i tidsskriftet Norges Barnevern. Artikkelen vil ha tittelen «Lokal kraft skaper kraft lokalt – Musikkterapi som tilnærming for et helhetlig læringsmiljø i tverretatlig og tverrfaglig samarbeid mellom barnevern og skole».
- Lars Tuastad, Bjørgvin DPS / Griegakademiet: «Medforskning og Utforskning. Ei vidareføring av Brukar spør brukar-evalueringa av prosjektet Utan Terapeut – MOT82 UT i lokalsamfunnet». Med prosjektet ønskjer ein å auke medforskingskompetanse hos brukar og student, å ferdigstille brukar spør brukar-evalueringrapporten, og å utvikle og samskrive artiklar på bakgrunn av arbeidet med rapporten.
- Sunniva Ulstein Kayser, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Sound Beam som musikkterapeutisk hjelpemiddel for personer med Huntington sykdom». Prosjektet vil evaluere om bruk av Sound Beam kan bidra til å auke samhandling og kommunikasjon med pasientar med Huntingtons sjukdom.



I forlenginga av NKS Olavikens prosjekt som evaluerer bruken av Sound Beam i arbeid med pasientar med Huntingtons sjukdom, har musikkterapeut Sunniva Ulstein Kayser (t.h.) etablert samarbeid med musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall ved Haukeland universitetssjukehus. Foto: Haukeland universitetssjukehus, Barne- og ungdomsklinikken.

Andre prosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet

Fleire prosjekt ved GAMUT og/eller ved dei andre deltagarane i klynga er av relevans for POLYFON. Her tar vi med følgjande døme:

- Christian Gold, Claire Ghetti og Lucja Bieleninik, GAMUT, NORCE og UiB: "Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers: international randomized trial (LongSTEP)." Prosjektet har partnarskapsinstitusjonar i Noreg, Sverige, Tyskland, Israel, Colombia og Storbritannia, og vil også byggje samarbeidsrelasjonar innan POLYFON, m.a. mellom GAMUT, RKBU og Haukeland universitetssjukehus. Bergen kommune valde ikkje vere med i dette samarbeidet. Periode: 2018-2022. Finansiering: NFR.
- Christine Ødegård, Haukeland universitetssjukehus: «Medication free treatment in psychosis: The meaning of choice for people with lived experiences of psychosis –A qualitative exploration». Ph.d.-prosjekt som kan følgje opp brukar erfaringar med medikamentfrie tilbod i psykisk helsevern. Erfaringar med musikkterapi er eitt av fokusa i prosjektet, og rettleiarar frå tre ulike UiB-fakultet er involvert: Ingunn Marie S. Engebretsen, Marius Veseth og Brynjulf Stige. Periode: 2017-2020. Finansiering: Haukeland universitetssjukehus.
- NKS Olaviken: «Min musikalske livshistorie – Terapeutisk opplevelsesteknologi for eldre med kognitiv svikt». Utvikling av ein digital applikasjon som kan nyttast i behandling av heimebuande eldre personar med demens, for betre overgangar frå sjukehuset til heimen, og som bidrag til auka meistring, aktivitet og sosial kontakt. Prosjektgruppa frå NKS Olaviken samarbeider med Norske Kvinners Sanitetsforening, UiB, Lindås kommune, Bergen Teknologioverføring - BTO og Soundio AS for å utvikle konseptet og teste ein prototype av applikasjonen. Finansiering: ExtraStiftelsen, Helsedirektoratet (InnoMed-midlar), NKS Olaviken.
- Lars Tuastad, GAMUT, UiB: «MOT 82 – MusikkOppfølgingsTilbod for menneske med psykisk liding». Prosjektet er både planlagt som eit tenesteutviklingsprosjekt og som eit kvalitativt forskingsprosjekt. Periode for forskingsprosjektet: 2015-2018. Finansiering av forskingsprosjektet: UiB.
- Viggo Krüger, Aleris Ungplan: «Mot et selvstendig liv i fellesskap, musikkterapi innen ettervern i barnevernet». Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med forskarar ved UiB og Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. Periode: 2014-2019. Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest.
- Minna Hynninen, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Musikkterapi for behandling av angst og depresjon hos personer med kognitiv svikt/mild demens». Prosjektet er ein del av ph.d.-arbeidet til psykolog Kristine Madsø. Finansiering: POLYFON, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.
- Guro Parr Klyve, GAMUT, UiB: «Musikkterapi med barn på sykehus i psykisk helsevern». Ph.d.-prosjekt om musikkterapi på sjukehus for born i psykisk helsevern. Periode: nov. 2016-nov. 2021. Finansiering: UiB.
- Christian Gold, GAMUT, NORCE og Sabine Ruths, AFE, NORCE: PraksisNett / IMPRINT – pilotprosjekt om depresjon i primærhelsetjenesten. Piloten vil leie til ein større NFR-søknad. Finansiering: NORCE.

6 Utdanning

UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi

For Griegakademiet si femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi, representerer POLYFON ein viktig kontaktflate med tenestene. Fagmiljøet arbeider kontinuerleg med revisjonar i studieplanen, og innspel frå POLYFON-samarbeidet er ein del av grunnlaget for dette.

Studentane vert elles knytt til kunnskapsklynga POLYFON på ulike vis, gjennom prosjekt, sommarstipend, deltaking på POLYFON-konferansen og andre seminar, osb.



Førsteårsstudentar ved den femårige musikkterapiutdanninga ved Griegakademiet, UiB, på vitjing til NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus, hausten 2018. Fremst står musikkterapeutane Sunniva Ulstein Kayser (t.v.) og Solgunn Knardal. Foto: NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.

Etterutdanningstilbod

Etterutdanningskurs har vore gjennomførte i samarbeid med forskingsprosjekt ved GAMUT, jf. kurset om musikkterapi og depresjon i september, med førelesarar frå Universitetet i Jyväskylä. I tillegg har POLYFON organisert eigne etterutdanningskurs, på førespurnad frå tenestene, jf. kurset om musikkterapi og eldrehelse med Hanne Mette Ridder frå Aalborg Universitet i oktober.

Utgreiing av mogelegheiter for spesialistutdanning for musikkterapeutar

Sidan september 2016 har styringsgruppa for POLYFON fleire gongar drøfta relevansen av spesialistutdanningstilbod for musikkterapeutar og også etterspurt slik utdanning.

Rådet frå styringsgruppa har vore grundig diskutert i fagmiljøet ved Griegakademiet, og i 2018 utarbeidde instituttleiar Randi Rolvsjord og POLYFONs prosjektleiar ein søknad til UiB om støtte til utgreiing av mogelegheiter for ei slik spesialistutdanning. I desember 2018 fekk Griegakademiet kr. 200 000 i støtte frå UiB til dette, og til utvikling av to etterutdanningsmodular. Dette vert då ei prioritert oppgåve i 2019. Tildelinga kjem godt med, då den framgangen musikkterapi har på ulike tenesteområde skapar eit stort behov for gode ordningar for utvikling og vedlikehald av musikkterapeutisk profesjonskompetanse.

7 Formidling

Formidling er ein viktig del av POLYFON-samarbeidet, og det har i løpet av 2018 vore arbeidd med formidling på fleire ulike måtar. Samla sett står deltakarane i klynga for langt meir formidlingsaktivitet knytt til musikkterapi enn kva vi maktar å summere opp her, så vi avgrensar oss til formidling av og om POLYFON:

Deltaking i det offentlege ordskiftet

POLYFON deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, om behov og prioriteringar i tenestene, osb. I 2018 omfatta dette m.a. deltaking på Helse- og omsorgskomiteens høyring om Statsbudsjettet 2019, i samarbeid med Norsk foreining for musikkterapi og Norges musikkhøgskole, der kunnskapsklyngekonseptet vart framheva som ein mogeleg strategi for å stimulere nasjonal implementering av musikkterapi.



POLYFONs leiar Brynjulf Stige saman med Karette Stensæth frå Norges musikkhøgskole, i samband med Norsk foreining for musikkterapi si deltaking i Helse- og omsorgskomiteens høyring om Statsbudsjettet 2019. Foto: Tilfeldig forbipasserande.

POLYFON og GAMUTs nettsider

POLYFON har ei eiga [nettseite](#). Her legg vi ut generell informasjon om kunnskapsklynga, lenker til POLYFON-nytt, årsmeldingar, kunngjeringar, utlysingar, osb.

[Kunnskapsbeskrivingane](#) på GAMUT si nettside er også relevante for POLYFON-samarbeidet. I årsmeldinga for 2017 peikte vi på kunnskapsbeskrivingane om musikkterapi og psykisk helse, musikkterapi og barnevern og musikkterapi i rusfeltet. Ei fjerde kunnskapsbeskriving vart publisert i 2018, om musikkterapi og eldrehelse. Denne var – som to av dei tre andre – basert på eit grunnarbeid gjort gjennom eit POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar.

POLYFON-nytt

Bulletengen «POLYFON-nytt» kom i 2018 ut med 7 nummer, mot 4 året før. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga.

POLYFONs Facebook-side og andre initiativ på sosiale media

Hausten 2017 vart ei eiga POLYFON-side på Facebook etablert, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi små og store nyhende i kunnskapsklynga, med informasjon om praksis, forsking, utdanning, seminar og konsertar. Vi legg vekt på å formidle stoff som er relevant for både brukarar, fagpersonar, leiarar og ålmenta. Interessa for Facebook-sida har vore jamt aukande, der det var ca. 400 personar som likte/følgde sida ved inngangen av året og 1100 ved utgangen av 2018.

Det har i 2018 også vore aukande aktivitet på sosiale media av ulike deltakarar i klynga, både informasjonsutveksling og for synleggjering av arrangement og publikasjonar.

Publikasjonar og konferansepresentasjoner

POLYFON har ei eiga brosjyre som er tilgjengeleg i papirutgåve og på kunnskapsklyngas [nettseite](#).

Prosjektleiar har i 2018 publisert to artiklar som spring ut av og beskriv aspekt av arbeidet med kunnskapsklynga POLYFON:

- [Musikkterapeutiske tjuvstartar. Eller: føre var, før og no](#)
- [Profesjonskompetanse og karriereveier i musikkterapi. Om spesialistutdanning for musikkterapeuter](#)

I tillegg gjev følgjande bokkapittel frå 2018 ei POLYFON-basert drøfting av korleis musikkterapi som behandling på klinikkane kan vere relatert til musikk som folkehelsearbeid i lokalsamfunnet:

- [Partnerships for health musicking: A case for connecting music therapy and public health practices](#)

Den internasjonale interessa for POLYFON held også fram, der prosjektleiar i 2018 vart invitert til å halde føredrag med utgangspunkt i kunnskapsklyngas arbeid ved musikkterapiforeininga i Rio de Janeiro sin 50 års jubileumskonferanse 7. september og ved European Union Agency for Fundamental Rights sin rundebordekonferanse i Wien om musikk og menneskerettar 26. September.

Etterkvar som samarbeidet i kunnskapsklynga POLYFON byrjar setje seg, kjem det etter kvart ei rekke forskingspublikasjonar og konferansepresentasjoner som spring ut av klynga, direkte eller indirekte. Vi viser til årsmeldingar og [nett sider for GAMUT](#) og dei andre klyngedeltakarane for nærmare informasjon.

Ny video med støtte frå POLYFON

Med utgangspunkt i eit POLYFON-støtta prosjekt, produserte European Huntington Association i 2018 ein [videofilm](#) om musikkterapibilbodet ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus. Prosjektet det vert fokusert på er praksisnært og byggjer føresetnader for betre tenester og tværfagleg samarbeid.

Arrangement

I 2018 vart følgjande formidlingsarrangement gjennomførte i regi av eller i samarbeid med POLYFON:

- 25. januar: [POLYFON prosjektstøtte: søknadsskriveseminar](#). Søknadsskriveseminar for musikkterapeutar og aktuelle brukarar og profesjonsutøvarar som er involvert i prosjektutvikling i POLYFON. Arrangør: POLYFON.
- 4. juni: [Startseminar for POLYFONs brukerpanel](#). Seminar om brukarmedverknad og etablering av POLYFONs eige brukerpanel. Arrangør: POLYFON.
- 15. juni: [Musikkterapi i FACT-team: prosjekter i POLYFON?](#) Idéutviklingsmøte om moglege prosjekt om musikkterapi i FACT-team. Arrangør: POLYFON.
- 11. september: POLYFON prosjektstøtte: søknadsskriveseminar. Arrangør: POLYFON.
- 17. september: Fellesseminar for POLYFONs arbeidsgrupper. Arrangør: POLYFON.
- 25. september: [Etterutdanningsseminar: Integrative Improvisational Music Therapy in the Treatment of Depression](#). Arrangør: GAMUT, i samarbeid med POLYFON.
- 17.-18.oktober: [Rettleiings- og oppfølgingskurs for musikkterapeutar som jobbar i eldrehelsefeltet](#). Kurs for musikkterapeutar innanfor POLYFON-samarbeidet. Arrangør: POLYFON.
- 31. oktober: [Musikk som isbryter i skolen?](#) Open konferanse der musikk som verktøy i førebyggjande arbeid med fokus på inkludering, relasjonell helse og medbestemming i skulen er hovudtema. Arrangør: Hyssingen produksjonsskole, i samarbeid med m.a. POLYFON.
- 22. november: [POLYFON-konferansen 2018](#). Arrangør: POLYFON.
- 22. november: «Saman om musikken». Konsert med artistar og brukarar i musikkterapi. Arrangør: POLYFON.
- 11. desember: Oppstartsseminar for Fagnettverk for musikkterapi i barn og unges oppvekst. Initiativtakar: musikkterapeut, universitetslektor og doktorgradskandidat Maren Metell. Seminaret vart arrangert i samarbeid med POLYFON.

I tillegg kjem ei rekke relevante konserter og seminar arrangerte av klyngedeltakarane sjølve.



Bandet Aesthetic Minds under Musikkterapifestivalen 1-2-3 i november 2018. Foto: Rune Rolvsjord.

POLYFON-konferansen

Etter POLYFONS startkonferanse i 2015 og medverknad til GAMUTs 10 års jubileumskonferanse i 2016, vart årlege POLYFON-konferansar etablert som konsept i 2017. Intensjonen er å formidle kunnskap og erfaringar og å bygge det samhaldet og samarbeidet som ei kunnskapsklynge treng for å fungere optimalt.

22. november 2018 var datoен for den andre POLYFON-konferansen, arrangert i UiBs auditorium «Egget», med temaet «Musikkterapi og samhandling». Konferansen hadde plenumsførdrag ved Anna Helle-Valle, Olaug Nilssen og Leif Arvid Øvernes/Arne Blindheim/Christine Henriksen Ødegaard, i tillegg til ein panel-diskusjon ved Torhild Kielland, Rønnaud Frøiland og Else-Marie Løberg. Det var parallelle presentasjonar i 4 spor, og det var sett av plass til posters i mingleområdet. POLYFONS brukarpanel var jury i poster-konkuransen 2018, og diplom for årets beste poster gjekk til Bergen kulturskole, Senter for musikkterapi. I tillegg til faglege presentasjonar var det også fine musikkinnslag ved musikkterapeutar og brukarar frå MOT82 og frå Bergen kulturskule, Senter for musikkterapi. Spesialrådgjevar Geir Lien (Haukeland universitetssjukehus) var dagens konferansier. Konserten på Café Sanaa om kvelden, med artistar frå musikkterapifeltet i Bergensregionen, vart ei flott avslutting på konferansedagen.

Konferansen samla ca. 150 deltagarar og vart evaluert skriftleg av konferansedeltakarane og munnleg gjennom diskusjonar i programkomiteen og organisasjonskomiteen for konferansen. I hovudsak fekk konferansen – og den tilhøyrande konserten same kveld – svært positiv evaluering, både når det gjeld fagleg innhald, lokalitetar og organisering/gjennomføring.

I hovudsak verkar det difor tenleg å arrangere POLYFON-konferansen for 2019 etter om lag same mal som for konferansen i 2018, med enkelte mindre justeringar. Tema for 2019 er «Brukarmedverknad i musikkterapi».

8 Samhandling

Samhandling er ein grunnidé i POLYFON og skjer på fleire arenaer, gjennom bruk av fleire reiskap:

Arenaer for samhandling

Som tidlegare år, hadde samhandlinga i POLYFON i 2018 fleire fokus og arenaer:

- Samhandling med og mellom brukarar
- Samhandling mellom ulike tenestenivå
- Samhandling mellom tenestene og forskingsmiljøa
- Samhandling med nasjonale organisasjonar og myndigheiter
- Samhandling med nasjonale og internasjonale fagmiljø

Brukardeltakinga i POLYFON-samarbeidet vart styrkt i 2018, ikkje minst gjennom etableringa av POLYFONs brukarpanel i juni. Panelet legg opp til 3 møte per semester. Det føreligg ein årsrapport frå POLYFONs brukarpanel (sjå vedlegg 3).

Samhandling mellom ulike tenestenivå vart stimulert i 2018 m.a. ved fokuset på musikkterapi i FACT-team og ved vidareutviklinga av oppfølgingstilbodet MOT82, som opphavleg vart initiert av spesialisthelsetenesta (Bjørgvin DPS) og som Bergen kommune i løpet av 2018 har sagt seg villig til å ta ansvaret for frå 2019.

Samhandling mellom tenestene og forskingsmiljøa vart i 2018 styrkt m.a. ved at Høgskulen på Vestlandet melde seg inn i klynga og ved at klyngedeltakaren Uni Research gjekk inn i det nye store forskingsinstituttet NORCE, som vert ein sentral nasjonal aktør innan forsking og innovasjon.

Som tidlegare, vart klyngesamarbeidet i POLYFON supplert med nasjonale nettverk innan rusfeltet og barnevern. I løpet av 2018 vart eit nytt nasjonalt nettverk for musikk og eldrehelse etablert.

I 2018 fekk klynga eit nytt grunnlag for samhandling med nasjonale og internasjonale fagmiljø, ved at prosjektet LongSTEP om musikkterapi med for tidleg fødde spedborn vart starta opp. Dette opnar for styrkt samarbeid med RKBU Vest, Haukeland universitetssjukehus og ei lang rekke fagmiljø i inn- og utland.

Kombinerte stillingar som reiskap for samhandling

Kombinerte stillingar er ein viktig reiskap for å skape samhandling om tenesteutvikling, utdanning, forsking og formidling. Som skissert i årsmeldingane for 2016 og 2017, er ein del kombinasjonar etablerte allereie, der forskarar ved GAMUT også har stillingsdel i ulike delar av tenestene. Det er eit stort potensial for vidare utvikling av dette til ein meir systematisk strategi for samhandling på musikkterapiområdet, slik det er gjort innan andre helseprofesjonar.

Andre reiskap for samhandling

Nokre av dei viktigaste reiskapane som klynga brukar for å stimulere samhandling, ut over det som er nemnd over, er:

- Kvartalsvise styringsgruppemøte, med representantar for alle deltakarane i klynga
- Halvårlege fellessamlingar for arbeidsgruppene på dei fem arbeidsfelta
- Årlege møte med fagrådet (Scientific Advisory Committee)
- Den årlege POLYFON-konferansen.


Ei satsing i 2018 var oppfølging og stimulering av aktiviteten i arbeidsgruppene i klynga, då desse vert vurderte som særstakt viktige for operasjonalisering og utvikling av klyngas målsetjingar og arbeid. For fire av dei fem delområda i klynga føreligg det årsrapport (sjå vedlegg 2). For delområdet palliativ omsorg og behandling er det enno ikkje etablert ei aktiv arbeidsgruppe. Dette delområdet treng eit løft framover.

9 Retning for vidare arbeid

Årsmeldinga dokumenterer at det er god aktivitet i kunnskapsklynga, og på mange område vil retning for vidare arbeid først og fremst vere definert av behovet for å styrke og vidareutvikle det som alt er i gong.

Nokre utfordringar og mogelegheiter som vil trenge merksemd framover er:

- Ein føresetnad for å realisere POLYFONs målsetjingar er at det er god kjennskap til musikkterapi i tenester og samfunn. Å vurdere mogelegheiter for å styrke POLYFONs deltaking i det offentlege ordskiftet vil difor vere særrelevant.
- Praksisnær og behovsidentifisert forsking er eit sentralt verkemiddel for å utvikle kunnskaps-informerte musikkterapitenester, så det er ei viktig oppgåve framover å stimulere prosessar som kan generere ph.d.-prosjekt med utgangspunkt i deltakarane sine tenester.
- Der er delområde i klyngas aktivitet som treng vitalisering, der palliativ omsorg og behandling peikar seg ut som særleg relevant å følgje opp.
- Førbelser berre tre kommunar med i samarbeidet, så det vil vere eit stort potensial for vidareutvikling av klyngas aktivitet dersom det var mogeleg å få med fleire kommunar.
- POLYFON er førebels berre finansiert ut 2020, så det vil vere viktig å avklare i løpet av 2019 om klynga skal vidareførast, og i tilfelle korleis.
- POLYFONs arbeid er regionalt forankra, men reflekterer nasjonale utfordringar, slik at klynga aktivt bør arbeide med om og korleis klynga eventuelt kan ta nasjonalt ansvar på aktuelle område.
- Tilsvarande reflekterer POLYFONs arbeid også utfordringar som er til stades internasjonalt, slik at samhandling med fagmiljø som arbeider med tilsvarande utfordringar i andre land vert sentralt.



Kva kan musikk-terapeutane i POLYFON lære av det japanske musikkterapeutar meiner å kunne lære av norsk musikkterapi? To profilerte japanske musikk-terapeutar, Rika Ikuno og Hiroko Miyake, kom i oktober 2018 til Bergen for å lære meir om aktiviteten ved forskingssenteret GAMUT og kunnskaps-klynga POLYFON. Her er Ikuno og Miyake fotograferte saman med Simon Gilbertson ved Griegakademiet. Foto: Brynjulf Stige.

Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.18

Rekneskap 2018	
Inntekter	
Overført fra 2017	596 200
Nye bidrag 2018	2 100 000
Overføring fra GA, SAC	34 000
Overføring fra GA, POLYFON-konf. for stud.	30 000
Deltakeravgift POLYFON-konferansen 2017	34 000
Overført til 2019	- 1 450 400
Sum	1 343 800
Utgifter	
Løn prosjektleiar	281 800
Løn administrativ koordinator	455 600
Løn formidling	150 000
Honorar	112 100
Overhead	33 400
Reise og overnatting	21 500
Bevertning	62 500
Andre driftskostnader	226 900
Sum	1 343 800

Vedlegg 2: Årsrapportar frå arbeidsgruppene i POLYFON

Vedlegg 2a: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst

Gruppemedlemmer pr 15.12.18:

- Liv Kleve, Klinikkdirektør PBU, Haukeland Sykehus
- Viggo Krüger, førsteamanuensis, GAMUT
- Ragnhild Inderhaug, sjef for seksjon for spesialpedagogiske tjenester, Bergen kommune.
- Trude Senneseth, Kommunepsykolog i Fjell Kommune
- Thomas Høiseth, Fagsjef Barnevern i Aleris Omsorg, (leder)

Representasjon

Gjennom året har det blitt arbeidet med å utvide arbeidsgruppen for å øke representativiteten: I løpet av våren lyktes gruppen i å utvide med kommunepsykolog Trude Senneseth. Fra Bergen kommune har det blitt arbeidet med å invitere en representant fra Etat for Barn og Familie. Dette har vist seg vanskelig. I løpet av sommeren ble strategien opp mot deltagelse fra Bergen kommune endret og gruppen ble utvidet med Ragnhild Inderhaug som er seksjonssjef for seksjon for spesialpedagogiske tjenester i Bergen kommune. Gruppen har ikke knyttet til seg brukerrepresentanter. Det er et fokusområde for 2019.

Tjenesteutvikling

Antallet musikkterapeuter har gjennom 2018 vært relativt stabilt innen feltet barn og unge, men tilbuddet om musikkterapi innen skoleverket, barnevern og psykisk helsevern synes konsolidert.

Ved Haukeland Universitetssykehus, Psykisk Helsevern for Barn og Unge (PBU) er det to stillinger for musikkterapeuter. Det foregår et PhD-arbeid ved klinikken (se nedenfor).

Ved de pedagogiske sentra i Bergen kommune er det 6 musikkterapeuter ansatt i tillegg til en musikkterapeutstilling ved Årstad skole. Aleris Omsorg, Hordaland har 1,3 stillinger til musikkterapeuter og sysselsetter et stort antall musikkterapistudenter på timebasis i ulike prosjekter og tjenester.

Bergen kommune v/ Enhet for Kulturformidling og Deltakelse etablerer fra nyttår en deltidsprosjektstilling i musikkterapi med tanke på å videreføre arbeidet med åpen møteplass i Fana og i Loddefjord. Stillingen er planlagt som fast stilling fra høst 2019.

I et prosjekt rettet mot unge med depresjon ved PBU ble det startet en pilotering av musikkterapi for barn med depresjon. To BUP'er (Åsane og Nordhordland BUP) ble oppmuntret til å informere om musikkterapi tilbud og til henvisning til MOT 82. Det ble også sendt informasjon i brev om tilbuddet til barn/ungdom (til sammen 30 personer). Av disse tok fire personer kontakt og tre fulgte et musikkterapiprogram regelmessig. Det var i utgangspunktet tenkt å gjennomføre en evaluering, men grunnet liten gruppe ble dette ikke fulgt opp. Det ble konkludert med at det for fremtiden bør være tettere kontakt/samarbeid mellom tjenestene dersom det ønskes større opptak og bruk av nye tjenester.

Utdanning

Høsten 2019 starter et nytt emne, MUTP300, tilknyttet musikkterapistudiet med fokus mot barn og unges oppvekst.

Stalwart EVU er et EU-prosjekt som omhandler bruk av kunstfag for bedring av relasjonell helse. Prosjektbeskrivelse er levert fakultetsstyret for godkjennelse. Prosjektet starter trolig opp høsten 2019.

Det er godt samarbeid mellom GAMUT og praksisfeltet når det gjelder samarbeid om praksisnærhet i utdannelsen av musikkterapeuter.

Forskning

Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers (LongSTEP) tar sikte på å utvikle kunnskap om musikkterapi for premature barn og deres omsorgsgivere i et lang tids perspektiv. Prosjektet er finansiert av Norsk Forskningsråd og gjennomføres ved NORCE (tidligere Uni Research).

Ved Haukeland Universitetssykehus, Psykisk helsevern for Barn og unge (PBU) forskes det på musikkterapiens rolle i utredning av barn og unge. Dette arbeidet er en del av Guro Klyve sitt PhD-arbeid.

I et samarbeid mellom Bergen Kommune, GAMUT og Aleris Omsorg er det gjort en evalueringstudie av et musikkterapeutisk tilbud til elever som er i risiko for å falle ut av skolen. Viggo Krüger, Thomas Høiseth, Therese Risnes og Cecilie Sand Nilsen skriver artikkel for *Norges barnevern* om dette prosjektet (in press).

I forbindelse med STALWART planlegges det to artikler som skal publiseres i Voices og i Nordic Journal. Begge artiklene blir skrevet som kvalitative studier.

Maren Metell har nylig fått 100.000,- av POLYFON for å utvikle musikkterapiprojekt i samarbeid med barne- og familiehjelpen ved Bergen kommune.

Musikkterapeut Elisabeth Torstuen leverte våren 2018 sin masteroppgave "*Sangskriving med ungdom i barnevernet*"

Formidling

I forbindelse med STALWART-prosjektet ble det avholdt seminar på Hyssingen skole. Elever fra skolen bidro i arrangementskomite. Det er planlagt nytt seminar i samarbeid med Høgskolen på Vestlandet 10. mai 2019.

Teaterlaget Kom Nærmere har avviklet markering av sitt 15-års jubileum med en stor konsert i Fana Kulturhus. Konsernen viste bredden i det musikkterapeutiske tilbudet til barn og unge og illustrerte klinisk relevans

Det er planlagt en musikkterapikonferanse på OsloMet. Tema er musikk og utenforskning. GAMUT, NMH, Bufdir og OsloMet sitter sammen i arrangementskomite.

GAMUT er representert på LO-konferanse på Oslo kongressenter 14.12. Tema, musikkterapi som traumebevisst omsorg.

Samordning

Det er ikke faste samordningsstrukturer innenfor feltet. Imidlertid foregår det et visst offentlig Privat samarbeid (OPS) i tjenesteproduksjonen gjennom samarbeidet mellom Bergen kommunen og Aleris Omsorg knyttet til Skoleprosjektet i Bergen Vest og Åpen Møteplass ved Fana Kulturhus. Potensialet for strukturerte møtepunkter har vært drøftet i arbeidsgruppen. Slike møtepunkter vil kunne ha effekt på samhandling og god ressursutnyttelse på tvers av forvaltningsområder og organiseringer. Dette arbeidet vil få økt prioritering i kommende år, og bygge på Maren Metell og Tora Söderström Gaden sitt initiativ til et fagnettverk for musikkterapeuter som arbeider med barns oppvekst i Bergens-regionen.

POLYFON-konferansen har nok en gang representert en viktig møteplass for musikkterapeuter og for andre profesjoner og yrkesgrupper som arbeider i tjenestefelt der musikkterapeuter er representert. Med utgangspunkt i GAMUT er det en viss uformell og formell kontakt mellom musikkterapeuter. Et eksempel på dette er etableringsseminaret på GAMUT der 11 musikkterapeuter er påmeldt.

Vedlegg 2b: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Psykisk helse vaksne

Gruppemedlemmer per 06.12.18

- Lars Tuastad, musikkterapeut Bjørgvin DPS (gruppeleiar)
- Øystein Lydvo, musikkterapeut Bjørgvin DPS
- Maria Magnusdottir Hope, psykolog Øyane DPS
- Bjarte Johansen, brukarrepresentant MOT82
- Jørn Ivar Rande, Bergen kommune, Etat for psykisk helse og rus
- Rene Misje, musikkterapeut Kronstad DPS

Nasjonale føringar og utviklingstendensar

- Nasjonale retningslinjer for psykose.
- Musikkterapi som medikamentfritt behandlingstilbod.
- Pakkeforløp og musikkterapi i komande samvalsverktøy for psykose

Tenesteutvikling

Her følger ei oversikt over tenesteutvikling og musikkterapibehov pr 1/1 2019.

Stipulering av musikkterapibehov, psykisk helse vaksne						
Institusjon	Deknings-område	Befolking pr 01.01.16	Ressurs DPS pr 01.01.19	Ressurs-behov	Ressurs oppfølgjing	Behov oppfølgjing
Bjørgvin DPS Helse Bergen Tertnes/Knarvik	Åsane, Arna, Osterøy og Nordhordland	98 695	150 %	200 %	50 % MOT82 Bergen Kommune	200 %
Kronstad DPS Helse Bergen Danmarks plass	Bergenhus, Ytrebygda og Årstad	110 057	100 %	200 %	0	200 %
Øyane DPS Helse Bergen Fjell	Askøy, Fjell, Sund og Øygarden	65 077	50 %	100 %	0	100 %
Solli DPS Legat/Stiftelse Nesttun	Austevoll, Os, Samnanger, Fusa, og Fana	73 154	100 %	200 %	0	200 %
Betanien DPS Stiftelse Fyllingsdalen	Fyllingsdalen og Laksevåg	69 513	110 %	200 %	20 % MOT23/ FACT-team	200 %
Voss DPS NKS Voss	Voss, Granvin, Vaksdal, Kvam, Eidfjord og Ulvik	29 986	100 %	100 %	0	100%
Psykiasrisk Klinikk Helse Bergen	Helse Bergen	277 391	0	300 %	(Oppfølgjing DPS eller Kommunalt)	(Oppfølgjing DPS eller Kommunalt)
Klinikk sikkerhets-psykiatri Helse Bergen	Helse Bergen	277 391	0	100 %	(Oppfølgjing DPS eller Kommunalt)	(Oppfølgjing DPS eller Kommunalt)
Nordfjord psykiatrisenter Helse Førde	Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy	30 000	50 %	100 %	0	100 %

Arbeidsgruppa meiner det innan feltet psykisk helse bør vere eit mål om ei musikkterapistilling stilling pr. 50 000 innbyggjarar.

Forsking

- Vidareutvikling av Musikkontaktkurs.
- Planar om å lage spesialistutdanning for musikkterapeutar i recoveryorienterte praksisar innan rus og psykisk helse.
- Ferdigstilling av Brukar spør brukar evalueringssrapport av MOT82.
- Prosjektpengar frå POLYFON for å utvikle søknad til prosjektet: Fra stigmatisering til involvering? – et forskningsprosjekt om stigma i musikkterapifeltene psykisk helse og rus.

Formidling

- Fleire innlegg på POLYFON-konferansen av medlemmer av arbeidsgruppa.
- Brukar spør brukar evalueringssrapport av MOT82.
- Avisoppslag BT 15/12 om MOT82 og oppfølgingstilbod.
- Soul Party sin video blei lansert på Verdsdagen for psykisk helse.
 - Sjå videoen her: www.musikkterapi.no/nyheter/2018/8/29/musikkterapivideo-i-verdensdagen-sin-kampanje
 - Radiointervju med Soul Party her: <https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-hordaland/DKHO02017118/27-08-2018#t>
 - Bilete frå lanseringa her: www.helse-bergen.no/nyheter/lanserte-musikkterapivideo
- TV Vest med reportasje om musikkterapifestivalen 1-2-3 og bandet Soul Party.
- Høg aktivitet av konserter i haust. Her kan ein nemna Rockovery konserten ved Lille Ole Bull Scene, Musikkterapifestivalen 1-2-3, POLYFON-konserten, Betanien DPS konsert 17/12.

Samhandling

- Aktiv deltaking i POLYFON, m.a. på POLYFON-konferansen 22/11.
- Brukarrepresentant i arbeidsgruppa Bjarte Johansen vart valt som leiar for brukarutvalet i POLYFON.
- To musikkontaktkurs er heldt i 2018. Kursa er eit samarbeid mellom Bergensklinikken, MOT 82 og Bergen kommune (støttekontakt).
- MOT82 jobbar for å få til eit aktivt samarbeid mellom kommune (avdeling kultur og avdeling psykisk helse) og spesialisthelsetenesta ved Bjørgvin DPS.

Vedlegg 2c: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Rustenester vaksne

Gruppemedlemmer per 06.12.18:

- Martine Lepsøy Bonnier (konstituert leder), Bergen kommune v/Etat for psykisk helse og rustjenester
- Tom Johannessen, brukerrepresentant
- Eva Karin Løvaas/Therese Dahl, Bergensklinikken
- Svanhild Mellingen, Avdeling for rusmedisin
- Morten Sommerbakk Korneliussen, brukerrepresentant
- Kjetil Lohne, Fjell kommune MO-senteret

Nasjonale føringer og utviklingstendenser

- Nasjonal faglig retningslinje for behandling og rehabilitering og avhengighet (2016) gir følgende anbefaling av musikkterapi: «Det foreslås at det tilrettelegges for bruk av musikkterapi til pasienter/brukere som ønsker dette». I begrunnelsen spesifiseres bl.a. følgende: «Musikkterapi kan foregå i både kommunen, spesialisthelsetjenesten og kriminalomsorgen. Den kan være en del av et individuelt forløp, og som tiltak i gruppeterapi eller i åpne grupper. Terapien må utføres av personer med godkjent utdanning innen musikkterapi».
- Musikkterapi er også anbefalt som støttebehandling i (IS-2211) Nasjonal faglig retningslinje for avrusning fra rusmidler og vanedannende legemidler (2016).
- Høsten 2018 kom Pakkeforløp for tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB) (gjelder fra 1. januar 2019). Når det gjelder omtale av anbefalte behandlingstilbud, blir det vist tilbake til retningslinjene. Pakkeforløpet vil likevel legge konkrete føringer for praksis, da det er normgivende og skal bidra til økt brukermedvirkning, bedre samhandling, likeverdige behandling og bedre ivaretakelse av somatisk helse og levevaner.
- I september 2018 publiserte Betanien sykehus en nasjonal behandlingstekst om musikkterapi innen psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling, som informasjon til brukere og henvisende instanser. Denne teksten kan tas i bruk av alle helseforetak som tilbyr musikkterapi.

Samordning

- Arbeidsgruppen ble formelt utvidet med Bergen kommune og Avdeling for rusmedisin (AFR) i overgangen 2017/2018. Arbeidsgruppens to brukerrepresentanter er valgt inn i POLYFON sitt Brukerpanel, som ble opprettet i 2018.
- Alle i arbeidsgruppen deltok på årets POLYFON-konferanse. Tilbakemeldingene fra deltakerne har vært positiv. To av arbeidsgruppens medlemmer satt i programkomiteen for konferansen.
- Musikkontaktkurset som ble etablert av Bergensklinikken i 2014, er videreutviklet i 2018. Kurset utføres nå i samhandling mellom Bergensklinikken, MOT 82 og Bergen kommune (støttekontaktordning). Se mer under «tjenesteyting».
- Det har i år vært gjennomført flere samarbeid mellom musikkterapeuter/musikktildelere i de ulike deltakerinstitusjonene. MO-senteret i Fjell og MO-sentrene i Bergen samarbeider godt, og har ulike musikkprosjektet sammen. Bergen kommune har også utført ulike musikkoppdrag sammen med Bergensklinikken og AFR. Arbeidsgruppen opplever at vi får flere arenaer hvor brukere av våre tjenester får utøvd musikk, f.eks.: «Sammen om musikken» i sammenheng med POLYFON-konferansen, MO-Nesten festivalen, Pøbelscenen, ulike arrangement under verdensdagen for psykisk helse, Rockovery konserter, Verdens Overdosedag og ulike konferanser gjennomført i år. Arbeidsgruppen ser behov for å videreutvikle dette, samt behov for bedre samhandling og koordinering da svært mange arrangement blir lagt på samme tid.
- Det bør i 2019 være et økt fokus på brukerinvolvering, herunder hvordan dra ut arbeidet som gjøres i POLYFON til brukerorganisasjonene.

Tjenesteutvikling

- Avdeling for rusmedisin har ansatt en 100 % musikkterapeut-stilling i 2018. AFR har i flere år hatt en musikkpedagog ansatt.
- Bergensklinikken 2,6 årsverk musikkterapeuter (ingen endring fra i fjor), og har også recovery-konsulent i musikk i prosjektstilling. Bergensklinikken har i 2018 fått musikkterapitilbud på avrusningspostene ved Skuteviken. Tilbuddet består av egne grupper for kvinner og menn, samt individuell terapi. Dette skal evalueres, men tilbakemeldingene sies så lang er at det har fungert veldig bra.
- Fjell kommune har en 20 % musikkterapeut stilling ved MO-senteret.
- Bergen kommune har ingen musikkterapeuter ansatt i rustjenestene. Kommunen har søkt om prosjektmidler fra fylkesmannen i flere år, uten hell. Kommunen har musikktildelning på MO-sentrene Wergeland og Nesttun, med stor etterspørsel. Så kommunen ser behov for å videreutvikle musikktildelningen, og ansette musikkterapeuter. Kommunen holder på å utarbeide en handlingsplan for arbeid og aktivitet for rusmiddelavhengige, hvor ansettelse av musikkterapeuter i aktivitetstilbuddet i kommunen er foreslått som tiltak. POLYFON har vært med i innspillsrunden til planen.
- I 2016 kom Prosedyrekode for musikkterapi innenfor spesialisthelsetjenesten. Denne er tatt godt i bruk og anvendes av Bergensklinikken. Viktig at både Bergensklinikken og AFR fortsetter med dette.
- Musikkontaktkurset er som nevnt videreutviklet i 2018. Kurset utføres nå i samhandling mellom Bergensklinikken, MOT 82 og Bergen kommune (støttekontakt). Det er i 2018 blitt avholdt to kurs. Det er blitt utdannet mange musikkontakter, men man opplever at få brukere får vedtak om musikkontakt. Det mangler også oppfølging/veiledning av musikkontaktene. Det må i 2019 jobbes for å gjøre tilbuddet mer kjent hos de som gir vedtak om støttekontakt/musikkontakt, og gi informasjon om de gode faglige vurderinger som ligger til grunn for dette tilbuddet. Det er også viktig at musikkterapeutene i tjenestene hjelper brukere og søker om dette.
- KoRus har gjort kvalitetssikringsprosjekt om musikkterapi, hvor det er gjennomført brukerundersøkelse på Hjellestad. Datainnsamlingen er utført.

Utdanning

- Musikkontaktkursene er videreutviklet.
- Universitet i Bergen og Norges musikhøgskole har bestemt seg for å nedsette en arbeidskomité som skal utrede mulighet for å lage en spesialistutdanning for musikkterapeuter i recoveryorienterte praksis innen rus og psykisk helse. UiB har gitt 200 000 kr i støtte til prosessen.
- Bergensklinikken har videreført tilbud om praksisplass for musikkterapistudenter. Viktig at andre ser på mulighetene for dette når man har musikkterapeuter i tjenestene.
- Arbeidsgruppen anbefaler at UiB går i dialog med Høgskulen på Vestlandet i forhold til informasjonsarbeid om musikkterapi innen andre studieretninger (spesielt videreutdanninger). Dette for å gjøre dette kjent blant andre yrkesretninger.

Forskning

- Bergensklinikken startet i 2018 en kvalitativ studie om musikkterapi i forhold til personer med ADHD-diagnose og rusproblematikk: Hvordan har musikkterapi innvirkning på sosial recovery? Erfaringskonsulent er med som medforsker.
- GAMUT har fortsatt arbeidet med Cochrane-oversikt, og nærmer seg ferdigstillelse.

Formidling

- Det har vært flere nyhetssaker i media om musikkterapi. Honnør til brukerrepresentantene i arbeidsgruppen som stiller opp i avisene og andre medier.

- Musikkterapi har vært tema på noen konferanser i løpet av 2018. Vi mener det vil være viktig i 2019 å gjøre musikkterapi enda mer kjent. Det bør jobbes aktiv for å få dette som tema på aktuelle konferanser, f.eks. få musikkterapeutene i POLYFON til å dra ut på ulike konferanser og informere om faget. Dette vil arbeidsgruppen ha som tema i 2019.
- Det vil også være viktig å jobbe for å gjøre tilbudet om musikkkontakt bedre kjent i kommunene og i spesialisthelsetjenesten.

Vedlegg 2d: Rapport 2018 for POLYFONs arbeidsgruppe Eldrehelse

Gruppemedlemmer

- Guri Gjermstad Dypvik, musikkterapeut i Fjell kommune
- Asbjørn Sørensen, brukarrepresentant
- Kathrine Dahle, musikkterapeut i Bergen kommune
- Anita Krokeide, Bergen kompetansesenter for demens
- Ingvild Tjønn Hansen, Nasjonalforeningen for folkehelse
- Einar Drageland, Bergen eldreråd
- Solgunn E. Knardal, musikkterapeut på NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus

Nasjonale føringer og utviklingstendensar

- I nasjonal fagleg retningslinje om demens frå 2017 vert ei todelt yrkesrolle for musikkterapeuten anbefalt. Musikkterapeuten, jobbar direkte for dei som har størst hjelpebehov, og har ein rådgjevande og rettleiande funksjon overfor andre typar tilbod.
- «Leve hele livet» - meld. St (2017-2018) omtalar både musikkterapi og musikkbasert miljøbehandling. Komiteen peikar på at stillingar knytta til aktivitet ofte forsvinn eller vert kutta ned for å prioritere pleie- og omsorgstilbodet. Det same gjeld musikkterapistillingar, som ikkje vert oppretta i tråd med eit stort behov.

Tenesteutvikling

- Fjell kommune har tilsett to nye musikkterapeutar i 100% stillingar i 2018. Kommunen ynskjer å jobbe innovativt rundt musikkterapi. Musikkterapeutane arbeider både direkte og med rettleiing, innanfor ulike behandlingsledd i kommunen – som heimeteneste, dagsenter, bufellesskap, opphalts- og butilbod. Dei har også eit nært samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse kring lavterskelttilbod med sine reisekafear som har vore god oppslutning om.
- Bergen kommune har tre tilsette musikkterapeutar i 100% stilling, ingen endring. Førebels er stillingane retta mot sjukeheimane i kommunen.
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus har sine to 100% stillingar – ingen endring

Gruppa har diskutert korleis ein skal møte behov i tenesten for heimebuande eldre, både dei som har demens, men også eldre med psykiske vanskar og rusutfordringar. Ein ser at der er ei stor gruppe eldre og menneske med demens som ikkje får eit musikkterapitilbod, men som vil kunne tene på å få det. Ein har også diskutert kva funksjon musikkterapi kunne ha rundt overgangar i livet. Frå å vere innlagt på alderspsykiatrisk sjukehus til å skulle handtere livet heime. Frå å bu heime til å skulle ta imot tilbod på dagsenter eller sjukeheim.

Er førebyggjande arbeid noko ein kan og bør nytte musikkterapiressursen på? Korleis kan vi ha eit godt samspel med Nasjonalforeningen for Folkehelsen, samt lokale demensforeningar? Kommunane prioritærer i dag å gje tenester til dei sjukaste som bur på sjukeheim – og som profitterer godt på å få musikkterapitilbod.

Forsking

- ALMUTH er eit pågående UiB-prosjekt, der ein forskar på effekten av kor og song på plastisiteten i hjernen, samt humør og livskvalitet hjå menneske som har Alzheimer. Prosjektet har tre grupper der ei får korsong, ei får fysisk aktivitet og ei gruppe får tilbod om musikk og fysisk aktivitet etter 12 månader. Formålet er at menneske med Alzheimer s sjukdom i ei tidleg fase skal få betre helse.
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus/Uib ved psykolog Kristine Gustavsen Madsø har eit pågående prosjekt «Musikkterapi for hjemmeboende personer med demens sammen med en pårørende». Prosjektet har fått 100 000 kr i støtte frå POLYFON

- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus har også eit pågåande prosjekt med terapeutisk opplevelingsteknologi for eldre med psykiske plager eller kognitiv svikt. Dette i form av ein Applikasjon på ein Ipad, som pasientane startar å bruke under inleggjing på sjukehus, og som skal vere eit hjelpende reiskap i overgangen til å skulle bu heime igjen. Prosjektgruppa består av Minna Hynninen (NKS Olaviken, UiB), Frode Wikne (NKS Olaviken), Solgunn E. Knardal (NKS Olaviken), Pål Wagtskjold-Myran (Soundio), Inger Hilde Nordhus (UiB) og Brynjulf Stige (UiB). Ein har fått ekstern finansiering frå: Helse Vest (Innovasjonsmidler), Extrastiftelsen, Helsedirektoratet (InnoMed)
- Hausten 2017 fekk NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus ved musikkterapeut Sunniva Ulstein Kayser på Nevropsykiatrisk avdeling, Huntington ei tildeling frå POLYFON på kr 80 000 kr til prosjektet: «Sound Beam som musikkterapeutisk hjelpemiddel for menneske med Huntingtons sjukdom». Prosjektmidlane har blant anna blitt nytta til innkjøp av Sound Beam samt studietur til Nederland og prosjektet har også vorte formidla i ulike fagkontekstar, blant anna Nordisk konferanse i musikkterapi samt POLYFON-konferansen. Arbeidet så langt viser eit tydeleg potensial i bruk av Sound Beam knytt opp mot denne pasientgruppa. Fagmiljøet Huntington har også vist interesse for prosjektet blant anna gjennom film og artikkel publisert på European Huntington Association (EHA) sine nettsidar. Hausten 2019 blir det ein eigen workshop omkring Sound Beam og musikkterapi på EHA sin europeiske konferanse i Bucharest. Det er også verdt å nemne at Kayser har inngått i eit samarbeid med musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall v/ Haukeland sjukehus omkring Sound Beam og potensiale i dette «verktøyet» i musikkterapeutiske kontekst. Dei to vil blant anna ha undervisning for musikkterapistudentar denne våren omkring deira erfaringar så langt i bruk av Sound Beam.
- MIDDEL-prosjektet Music Interventions for Dementia and Depression in ELderly care, er eit pågående internasjonalt prosjekt, koordinert av GAMUT, NORCE. Her undersøkjer ein effekten av gruppemusikkterapi og korsang for å redusere symptom på depresjon hjå menneske som har ein demenssjukdom. Prosjektgruppa består av Christian Gold, (prosjektleiar), Jørg Assmuss, Monika Geretsegger , Brynjulf Stige og Jo Dugstad Wake.

Utdanning

- Fjell kommune tok i oktober initiativ til at Hanne Mette Oschner Ridder frå Aalborg Universitet gav musikkterapeutane i POLYFON eit rettleatings- og oppfylgjingsseminar
- Fleire av musikkterapeutane i POLYFON stiller som praksislærarar for musikkterapistudentar

Formidling

- I november publiserte GAMUT ei ny kunnskapsskildring om samanhengane mellom musikkterapi og eldrehelse publisert – der ein samanfattar litteratur om praksis, teosi og forsking. Camilla Hay, som er tilsett i Fjell kommune, har utarbeids basisteksten i eit POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar. Ho har fått rettleiing av førsteamanuensis Wolfgang Schmid, som også har teke del i vidare utvikling av teksten, saman med Monika Geretsegger, Frode Aas Kristiansen og Brynjulf Stige
- Ein ser interesse for å ha musikkterapi som tema i ulike fagforum og på konferansar. Fleire av musikkterapeutane i POLYFON er svært aktive med å formidle musikkterapi som fag i ulike arenaer – dette frå nasjonale konferansar som Demensdagene i Oslo, Sykepleie, Lev Vel – konferansen, Landskonferansen for sjukepleiarar – til meir lokale arenaer som pårørandeskular, demensforeningar, senioruniversitet osb. Musikkterapeutane i POLYFON har også gjort seg gjeldande på norsk konferanse for musikkterapi i Fana, nordisk konferanse for musikkterapi i Stockholm, - og ikkje minst – POLYFON-konferansen.
- «Når det falmer» er ein film som ligg på youtube, som omhandlar fordelen av musikkterapi og musikk generelt for menneske med demens

Samhandling

- Fleire i arbeidsgruppa tok del på POLYFON-konferansen 2018, eit av medlemmene sat i programkomité for konferansen
- Ein ser Nájonalforeningen og lokale demensforeningar som naturlege samarbeidspartnarar for å utvikle gode lavterskelttilbod.
- Musikkterapeutane i Bergen kommune arrangerte også i år – 31. mai - Dè festivalen på Fyllingsdalen Sykehjem, ein festival for og med menneske med demens. Ein hadde invitert gjester frå sjukeheimane i nærområdet til ei storhending med musikk både inne og ute – ulike musikksjangrar på ulike scener. Her var eit stort antal musikkterapeutar- og studentar involverte, i tillegg til lokale krefter.

Vedlegg 3: Årsrapport frå POLYFONs brukarpanel

POLYFONs brukerpanel er et uavhengig rådgivende organ som ble etablert 4. juni 2018.

Representanter i panelet

- Brukere og pårørende, samt representanter fra brukerorganisasjoner
- Panelet skal bestå av 10 representanter, 2 fra hvert av de 5 fagfelta i POLYFON: barn og unges oppvekst, psykisk helse, rusomsorg, eldrehelse, lindrende behandling og omsorg. I tillegg har panelet 5 vararepresentanter, 1 fra hvert fagfelt.
- Bjarte Johansen er valgt til leder og Einar Drageland er valgt til nestleder.
- Halvparten av hovedrepresentantene er også medlemmer i ulike arbeidsgrupper i POLYFON.

Hovedrepresentanter pr. 31.12.2018

Navn	Tilknytning	Fagfelt
*		Barn og unges oppvekst
Raja Ravindrankumar	Aleris	Barn og unges oppvekst
Stian Børø	Betanien DPS	Psykisk helse voksne
Bjarte Johansen	MOT82	Psykisk helse voksne
Tom Johannessen	Arbeidsgruppa for rus	Rusomsorg
Morten Sommerbakk	Arbeidsgruppa for rus	Rusomsorg
Einar Drageland	Bergen Eldreråd	Eldrehelse
Asbjørn Sørensen	Pårørende	Eldrehelse
Gunda Falao Sparre	Brukerutvalget ved Haraldsplass	Eldrehelse/Lindrende beh. og omsorg
Frode Nilsen	Pårørende, Helse Bergen	Lindrende behandling og omsorg

* Representanten trakk seg i midten av desember.

I løpet av høsten ble det jobbet med å få på plass vararepresentanter i tillegg til hovedrepresentantene, og innen siste møte i desember var alle vararepresentantene på plass.

Vararepresentanter pr. 31.12.2018

Navn	Tilknytning	Fagfelt
Shervan Khalil	Aleris	Barn og unges oppvekst
Linn Kiara Eeg Manuela Piallai	MOT82	Psykisk helse voksne
Frode Bodin		Rusomsorg
Kristin Østringen	Pårørende	Eldrehelse
Thomas Valeur	Pårørende, Helse Bergen	Lindrende behandling og omsorg

Arbeidsoppgaver definert ved etablering av panelet

- Bidra til at kjennskapen til musikkterapi øker blant brukere og pårørende og i samfunnet ellers.
- På selvstendig grunnlag komme med innspill på behov innenfor tjenesteutvikling, forskning, utdanning og andre tema som panelet ønsker å ta opp.
- Respondere når POLYFONs styringsgruppe eller aktuelle arbeidsgrupper ber om råd.
- Delta i planlegging og gjennomføring av POLYFON-konferansen, spesielt opp mot 2019-konferansen, som har tema «Brukermedvirkning i musikkterapi».

Møter i 2018

Panelet ble etablert 4. juni 2018 i forbindelse med POLYFONs seminar om brukermedvirkning. I etterkant av seminaret hadde panelet et kort konstituerende møte.

I høstsemestret hadde panelet 3 ordinære møter: 29. august, 15. oktober, 10. desember. Oppslutningen på møtene har vært noe varierende.

Saker som panelet har diskutert og jobbet med i 2018

- Panelet kom med innspill til styringsgruppas forslag til målsettinger og indikatorer for arbeidet i kunnskapsklynga.
- Flere av medlemmene var i løpet av høsten synlige gjennom ulike oppslag i media.
- Panelet vedtok at representantene fra fagfeltene psykisk helse og rus vil delta i forskningsprosjektet «Fra stigmatisering til involvering? – et forskningsprosjekt om stigma i musikkterapifeltene psykisk helse og rus».
- Deltakelse på POLYFON-konferansen 2018:
 - o Panelmedlem bidrog med foredrag under konferansen, som medforsker
 - o Hele panelet var jury under konferansens posterkonkurranse
- Panelet spilte inn til prosjektledelsen av det er behov for/ønsker om at det utvikles kurs/seminar for brukerrepresentanter. Prosjektledelsen tok innspillet videre og planlegger å arrangere kurs i 2019 basert på meldte behov.
- Panelet diskuterte mulig samarbeid med brukerorganisasjoner, og la planer om i løpet av 2019 å invitere ulike organisasjoner til møter og seminar - både for at de kan informere om sitt arbeid og for å lære om musikkterapi og POLYFONs arbeid.
- Panelet stilte med 3 representanter i programkomiteen for POLYFON-konferansen 2019, som har tema *musikkterapi og brukermedvirkning*. Representantene er Bjarte Johansen, Einar Drageland og Linn Kiara Eeg Manuelpiallai.